

# Sone 3

# Årsmelding 2020-2021



**Innkalling til årsmøte i Jølster jakt og fiskelag sone 3  
på Thon Hotel Jølster Mandag 04.04. 2022 kl. 19.00**

- Sakliste:
- 1 . Godkjenning av innkalling og sakliste.
  - 2 . Val av møteleiar og skrivar.
  - 3 . Val av to til å skrive under møteboka.
  - 4 . Årsmelding.
  - 5 . Rekneskap.
  - 6 . Disponering av overskot/ dekking av underskot
  - 7 . Pris på fiskekort / jaktkort i 2022.
  - 8 . Arbeidsplan 2022
  - 9 . Val

Forslag arbeidsplan 2022:

- Marknadsføring av sportsfiske i Jølster
- Digitalt sportsfiskekart
- Villreinarbeidet i samarbeid med utval og villreinnemnd.
- Fangstregistrering i Jølstravatnet
- Kjøsnesfjordbrua
- Utfiskingsprosjekt i Kjøsnesfjorden
- Infoskilt sportsfiske

Frå kl 20.00 matøkt og fellesmøte med sone 1,2 og 4 .

Frå kl 21.00 Fellesstyremøte alle soner

Vår nettside: [www.jolstraure.no](http://www.jolstraure.no)

# Jølster Jakt og Fiskelag

## son 3

### Årsmelding 2020-2021

Førre årsmøtet vart halde på Skei, på Thon Hotel Jølster, 8/6 – 2020, for arbeidsåret 2019. På grunn av Kovid var det ikkje halde årsmøte for arbeidsåret 2020 i 2021.

Styret i meldingsåret har vore :

Eilert Årseth , leiar  
Inge Erikstad, nestleiar  
Jonny Lofnes , kasserar  
Magnar Juklestad, styremedlem  
Kjetil Sunde, styremedlem

Varamedlem: Ove Holsen

Styret har hatt 3 styremøter og handsama 9 saker, 3 avsakene er behandla ved godkjenning på e-post. Det er gjeve tilskot til Sunnfjord Explorer, Jølster Aurefest. Vi har kjøpt inn garn til utfisking av småvatn, plakater og rollup. Digitalt fiskekart i Jølster og kultiveringsprosjekt i Kjøsnestfjorden har blitt gjennomført i perioden. Det har ikkje vert møter i fellesstyret i perioden.


#### Fiskekortpriser 2020-21

Døgn            Kr. 120,-  
Veke            Kr. 600,-  
Sesong         Kr. 1000,-  
Gjeld for alle sportsfiskereiskap i heile Jølster.

#### Fisket

Det vart i 2020 selt 3241 kort, og i 2021 selt 2775, mot 1915 i 2019. Dette totalt for alle 4 sonene.

Fangstregistreringa viser ein samla fangst i Jølstravatnet i 2020 8 959 kg og 2021 på 11 562 kg. Dette er samla berekna fangst for både næringsfiske og sportsfiske.



### **Villrein**

Styret heldt trekking av villreinløyva i Førdefjella for Jølster sin del. I 2020 var det Bjørn Olav Nedrebø og Torgeir Årdal som fekk løyve. I 2021 var det Arne Årdal og Kjetil Sunde som fekk løyve.

### **Rev**

Det er felt 72 rev i 2020, og 70 rev i 2021. Sone 3 betaler 25% av fellingsvederlaget på kr. 400,- pr rev. Og sankelaga betaler og 400 kr, totalt blir det betalt 800 kr pr. rev.

### **Jaktkortpriser 2020-21**

Døgn 150,-

Veke 500,-

Sesong 1000,-

Gjeld for heile Jølster og det var fangstbegrensing med døgnavote på 3 ryper

### **Småviltjakta**

Det vart totalt i Jølster selt 132 jaktkort i 2020 og 135 i 2021, mot 125 i 2019.

### **Kontrollordninga**

Fiskekortkontrollen har i desse 2 åra vore utført av Jonny Lofnes

### **Jølster Aurefest**

Vart arrangert 10.-12. juni 2021. Det var nok ein gong over 875 deltakarar og mykje god reklame for Jølster. Dette er mindre deltaking enn i 2019, men det var på grunn av deltakerbegrensing på grunn av pandemien. I 2020 var det eit redusert arrangement på grunn av Covid

### **Kjøsnesfjordbrua**

Her pågår no utfylling av steinmasser. Området vil bli meir attraktivt for sportsfiskarar. Eit flott tiltak for sportsfiske i Jølster.

### **Kjøsnesfjorden**

Vi har tidligere støtta prosjektet, og følgd det opp. Sjå vedlagt rapport

### **Sunnfjord Explorer**

Vi ga støtte til Sunnfjord Explorer for markedsføring av Jølstravatnet, og ungdom som jobbar som guidar i aktivitetar i vatnet.

*Styret i Jølster Jakt og Fiskskelag sone 3.*